

---

Saksnr: 2020/62063-2  
Saksbehandlar: Frode Mannsåker  
Dato: 05.11.2020

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet  
Arbeidsmiljøutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Sjukefråvær VLFK 3. kvartal 2020

### Samandrag

Sjukefråværet i Vestland fylkeskommune tredje kvartal 2020 var på 5,90 prosent. Tilsvarande sjukefråvær for dei to samanslåtte fylka tredje kvartal 2019 var 5,36 prosent. Dette gir ein auke på 10,1 prosent frå i fjor til i år. Det er store skilnader mellom avdelingane og mellom ulike stillingsgrupper. For dei tre kvartala i 2020 ligg samla sjukefråvær på 5,61 prosent.


### Statistikkgrunnlaget

Statistikken er henta frå HR-portalen i VLKF, modulen «Rapportar Innsikt». Tal frå 2019 gjeld berre på aggregert nivå, dvs. for heile fylkeskommunen. Det er knytt noko usikkerheit til dei historiske tala pga. samanslåinga. Tal for dei tilsette frå Statens vegvesen er ikkje med i grunnlaget for 2019.

### Utvikling

Figur 1 viser sjukefråværsutviklinga kvartalsvis frå første kvartal 2019 til tredje kvartal 2020. Den vanlege sesongvariasjonen kjem fram, der det er høgast fråvær i første kvartal. Fråværet tredje kvartal 2020 viser ein auke på 10,1 prosent frå året før, og ein auke på 30,2 prosent frå andre kvartal. Svingningane i år har tydeleg samanheng med Covid-19-epidemien og endringane med heimekontor, arbeidsreise og karantene.

Figur 1 - Sjukefråvær pr. kvartal



Figur 2 - Sjukefråvær dei tre første kvartala 2020 samanlikna med 2019.

		2019			2020			Endring
	Kvartal	Moglege dagsverk	Dagsverk sjuk	Fråvær%	Moglege dagsverk	Dagsverk sjuk	Fråvær%	Fråvær%
Vestland fylkeskommune	Q1	300 517	18 160	6,04 %	335 262,2	21 352	6,37 %	5,39 %
	Q2	271 681	14 062	5,18 %	300 957,7	13 632	4,53 %	-12,49 %
	Q3	227 553	12 195	5,36 %	244 610,8	14 431	5,90 %	10,09 %
<b>Tom 3. kvartal</b>		<b>799 750</b>	<b>44 417</b>	<b>5,55 %</b>	<b>880 830,8</b>	<b>49 415</b>	<b>5,61 %</b>	<b>1,01 %</b>

Figur 2 viser at medan sjukefråværet i første kvartal 2020 auka med 5,39 prosent, vart det redusert med 12,81 prosent i andre kvartal. I tredje kvartal var det ein auke på 10,09%. For dei tre første kvartal i år vart det ein samla auke på 1,01 prosent, frå 5,55 til 5,61 prosent i forhold til same periode i 2019.

### Avdelingsvis sjukefråvær

Det er til dels store forskjellar i sjukefråværet mellom avdelingane i fylkeskommunen. Også internt i avdelingane er det forskjellar. Figur 3 viser dei tre kvartala og samla tal til og med tredje kvartal. Dei to avdelingane med høgast fråvær omfattar sektorar med særskilte utfordringar: Organisasjon og økonomi omfattar reinhaldarane, medan Strategisk utvikling og digitalisering omfattar tannhelsetenesta.

Figur 3 - Sjukefråvær pr. avdeling 1., 2. og 3. kvartal 2020.

Avdeling	2020			
	Q1	Q2	Q3	Tom Q3
Heile VLFK	6,31 %	4,49 %	5,87 %	5,57 %
ORO - ORGANISASJON OG ØKONOMI	9,22 %	6,96 %	7,49 %	7,97 %
ORO - Eigedom	11,04 %	8,04 %	8,88 %	9,41 %
SUD - STRATEGISK UTVIKLING OG DIGITALISERING	10,78 %	7,43 %	10,93 %	9,70 %
SUD - Vestland tannhelseteneste	12,20 %	8,65 %	13,39 %	11,34 %
INV - INFRASTRUKTUR OG VEG	3,13 %	2,06 %	2,99 %	2,72 %
MOK - MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT	8,00 %	4,04 %	3,06 %	5,24 %
INN - INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING	7,76 %	2,64 %	6,16 %	5,55 %
OPK - OPPLÆRING OG KOMPETANSE	5,44 %	4,01 %	5,23 %	4,89 %
KII - KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING	4,07 %	3,06 %	3,23 %	3,49 %

### Fråværs lengde og kjønn

Sjukefråværet i VLFK er ca. 80-90 prosent høgare for kvinner enn for menn. Dette er vanleg i norsk arbeidsliv. Det går fram av figur 4 at fråvær over 16 dagar utgjer hovudtyngda av samla fråvær. Fråvær under 16 dagar har auke med meir enn 100% i tredje kvartal i forhold til andre kvartal. Det er no nesten like høgt som i første kvartal for både kvinner og menn.

Figur 4 - Sjukefråvær fordelt på lengde og kjønn

VLFK				1-3 dager			4-16 dager			>16 dager			Tilfelle	Dagsverk frávær	%
Kvartal	Kjønn	årsv	Moglege dagsverk	Tilfelle	Dagsverk	%	Tilfelle	Dagsverk	%	Tilfelle	Dagsverk	%			
2020-Q1	Kvinne	3 187	192 613,3	1445	1 836	0,95 %	535	2 603	1,35 %	335	10 868	5,64 %	2315	15 307	7,95 %
	Mann	2 299	142 409,9	660	978	0,69 %	208	1 065	0,75 %	116	4 002	2,81 %	984	6 045	4,24 %
	Total	5 486	335 023,2	2105	2 815	0,84 %	743	3 668	1,09 %	451	14 870	4,44 %	3299	21 352	6,37 %
2020-Q2	Kvinne	3 178	173 065,6	550	669	0,39 %	172	778	0,45 %	171	8 182	4,73 %	893	9 629	5,56 %
	Mann	2 293	127 741,4	177	249	0,19 %	71	355	0,28 %	60	3 393	2,66 %	308	3 997	3,13 %
	Total	5 472	300 807,1	727	918	0,31 %	243	1 133	0,38 %	231	11 576	3,85 %	1201	13 626	4,53 %
2020-Q3	Kvinne	3 188	141 059,5	969	1 278	0,91 %	387	1 857	1,32 %	265	7 266	5,15 %	1621	10 402	7,37 %
	Mann	2 304	103 338,5	329	496	0,48 %	151	821	0,79 %	81	2 697	2,61 %	561	4 014	3,88 %
	Total	5 492	244 398,0	1298	1 775	0,73 %	538	2 678	1,10 %	346	9 963	4,08 %	2182	14 416	5,90 %

## Stillingsgrupper

Det er også store variasjonar mellom stillingsgruppene i fylkeskommunen. Nokre av gruppene har fått redusert fráværet frå 2019 til 2020: kontorpersonell, reinhaldarar, leiarar i fylkesadministrasjonen og rådgjevarar. Dei andre stillingsgruppene har hatt ein auke, størst for tannhelsepersonell, driftspersonell og miljøarbeidarar.

Figur 5 - Sjukefrávær fordelt på stillingsgrupper, 3. kvartal 2019-2020

	Q3 2019	Q3 2020	Endring
Stillingsgruppe	Frávær%	Frávær%	%
10 - Skuleleiarar	3,15 %	3,42 %	8,47 %
11 - Pedagogar	4,34 %	4,67 %	7,67 %
12 - Miljøarbeidarar	5,97 %	7,31 %	22,58 %
13 - Kontorpersonell	7,02 %	6,64 %	-5,51 %
14 - Reinhaldarar	11,88 %	11,17 %	-6,00 %
15 - Driftspersonell	6,12 %	7,55 %	23,44 %
16 - Tannlege	5,93 %	13,27 %	123,78 %
17 - Tannpleiar	9,85 %	17,30 %	75,69 %
18 - Tannhelsesekretær	12,20 %	15,82 %	29,61 %
19 - Leiarar Fylkesadm.	2,61 %	2,33 %	-10,72 %
20 - Rådgjevarar	4,36 %	4,19 %	-4,03 %
21 - Andre	7,79 %	8,21 %	5,33 %
<b>Total VLFK</b>	<b>5,36 %</b>	<b>5,90 %</b>	<b>10,09 %</b>

## Sjukefráværsutviklinga før og etter Covid-19-tiltaka

Figur 6 viser utviklinga av eigenmeldt sjukefráværet blant pedagogar og reinhaldarar, frå januar til september, samanlikna med samla sjukefrávær i fylkeskommunen.

Figur 6 - Sjukefrávær VLFK og pedagogar, jan - sep 2020

	Sjukefrávær%								
	2020								
	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP
Organisasjon hierarki									
VLFK - samla	5,86 %	6,31 %	6,77 %	4,40 %	4,50 %	4,47 %	14,32 %	4,20 %	5,64 %
VLFK - eigenmeldt	1,23 %	1,06 %	1,15 %	0,20 %	0,44 %	0,41 %	0,72 %	0,73 %	1,33 %
Pedagogar - eigenmeldt	1,00 %	0,58 %	0,42 %	0,03 %	0,13 %	0,14 %	0,22 %	0,45 %	1,15 %
Reinhaldarar – eigenm.	1,28 %	1,36 %	5,10 %	1,38 %	1,45 %	1,20 %	1,09 %	1,37 %	1,55 %

Figur 6 stadfester at samla sjukefråvær gjekk markant ned i april, og heldt om lag same nivå i mai og juni. For pedagogane ser vi at eigenmeldingsbruken gjekk ned og har heldt seg svært lågt til og med august. For reinhaldarane auka eigenmeldt fråvær i mars, for så å legge seg på normalt nivå frå april til og med august.

Når ein kan arbeide heimanfrå, slik mange pedagogar måtte gjere på slutten av skuleåret, er det rimeleg å anta at behovet for korte sjukmeldingar vert mindre, då det er lettare å ta omsyn til helseplagar når ein er heime enn når ein skal reise til arbeidsplassen og omgåast elevar og kollegaer. Når sjukefråværet aukar igjen i tredje kvartal, og det samstundes vart slutt på at pedagogar underviser heimanfrå, er det tydeleg at epidemien og heimearbeid verkar inn på sjukefråværstala.

Figur 7 - Koronarelatert sjukefråvær i VLFK, jan - sep 2020

2020									2020 Total
JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	
0,00 %	0,01 %	0,72 %	0,25 %	0,15 %	0,10 %	0,25 %	0,23 %	0,47 %	<b>0,25 %</b>

Figur 7 viser fråvær som er registrert i HR-portalen med korona-kode. Det er forholdsvis låge tal for slikt korona-relatert fråvær. Det er grunn til å tru at det her er ei viss underregistrering, ved at ikkje alle koronarelaterte sjukmeldingar vert korrekt koda i HR-portalen i VLFK.